

# Sortsutvikling i bær

Arnfinn Nes, Nina Opstad, Unni Myrheim & Hans Gunnar Espelien  
Bioforsk Øst  
arnfinn.nes@bioforsk.no

Utvikling og prøving av nye sortar er viktig, nyttig og alltid interessant. Det er mange krav før nye sortar vert tekne i bruk. I bær er det såleis relativt lenge mellom kvar gong det vert funne nye sortar som er mykje betre enn dei beste som vert dyrka.

Systematisk sortsprøving i bær kom i gang og vart organisert første tida etter andre verdskriga. Tidlegare hadde dette arbeidet lite omfang og var nokså tilfeldig. På denne tida vart forsøksverksemda innanfor frukt og bær sterkt utvida, og sortsprøving var ei oppgåve som kom tidleg i gang. Det vart forsøksgardar i fleire landsdelar så sortane kunne prøvast i ulike klimaområde. Felles planar for sortsforsøk i ulike arter vart vedteke, men det er få resultat å finna frå slike seriar. Det vart etter kvart Kise som spesialiserte seg på bær og hadde flest sortsforsøk, men det var i tillegg også sortsforsøk i bær ved NLH, Landvik, Ullensvang, Njøs, Kvithamar og Holt. Stundom vart det også lagt ut forsøk med nye sortar ved nokre av fagskulane.

For jordbær finst det oversyn som syner at det har vore prøvd nær 300 sortar dei siste 60 åra. For dei andre artene er talet vesentleg mindre, men det har nok i same periode vore prøvd meir enn hundre sortar av både bringebær og solbær. Tal sortar i prøving har vore langt mindre for rips og stikkelsbær, og siste åra har det også vore prøvd sortar i hageblåbær.

Frå midt på 1950 talet vart det freista å organisera all sortsprøving under rådet for Hagebruksforsøk. Dei ansvarlege skulle stilla saman resultata og rapportera, og det var lenge Statens Planteavlsråd som vurderte resultata og godkjende sortane. Dette var både tid- og ressurskrevjande og vart for ein stor del berre på papiret. Næringsa ville ikkje venta så lenge på nye sortar og ville gjerne vera med på utprøvinga. Norsk Landbruksrådgjeving har ikkje vore med i arbeidet med sortsprøvinga på same måten i bær som i jordbruksvekstane. Bærforsøk er svært ressurskrevjande og dei fleste har difor vore gjennomførde i den offentlege forsøksverksemda. For vidare prøving av interessante sortar i større felt, har derimot landbruksrådgjevinga og bærdyrkarane vore viktige samarbeidspartar dei siste åra. Det er først når sortane vert prøvd i praksis, med vurderingar hjå dyrkarane og i marknaden, vi får den endelege verdien av sortane.

I framtida vil denne modellen utviklast vidare. Vi ønskjer å gjennomføre sortsprøvinga der Graminor, Bioforsk og Norsk Landbruksrådgjeving samarbeider nært og der også andre kan vera med. Det skal oppnemnast ei sortsgruppe med representantar frå viktige aktørar innanfor sortsutvikling, planteproduksjon og sortsprøving. Gruppa skal velja sortar for prøving og organisera arbeidet. Det trur vi vil gje ei effektiv og god sortsprøving og sikra næringa dei beste sortane frå foredlarprogram i både inn- og utland.